

Alver kulturråd

10. des 2021

Planavdelinga
v/Mette Robertsen

Ang uttale riving av eldre våningshus – gbnr 182/1 Gausereide

Referanse: 21/6055 - 21/73186

.....


Alver kulturråd består av medlemmar frå kulturrelaterte lag i kommunen. For å bli medlem i Alver kulturråd må laget vere godkjent av styret i Alver kulturråd. Medlemslaget i Alver kulturråd har ei mangeårig erfaring frå arbeid og aktivitet i lokalmiljøet sitt og er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Alver kulturråd har ein samla kompetanse på kulturfeltet som det er viktig å ta med i utvikling av Alver kommune som ein god stad å vere. Det er viktig for demokratiet og slutresultatet at medlemslaget får eigarskap til arbeidet som skal gjerast. Difor er det avgjerande at Alver kulturråd blir inkludert i planlegging så tidleg som mogleg og kan mobilisere kulturlivet. Informasjon som kjem inn på seinare tidspunkt kan både fordyre og forlenge prosjekt.

Uttale

Alver kulturråd har ingen særskilte moment i saka om riving av brannskada hus. Dokumentet frå plan og byggensak nemner det som er verdt å nemne i høve kulturhistorie og SEFRAK-registrering.

Styret i Alver kulturråd tek plan og byggensak si vurdering til vitende.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
leiar